



Trafikksikringsplan Hognestad skule

Målet: Alle elevar skal vera trygge i trafikken og ingen skal bli skada.
Ingveig Nærland Ødegård, rektor, skal ivareta trafikksikringa på skulen. Ho har tett samarbeid med bussjåfør for skuleskyss.

På Hognestad skule er det 64 elevar. Mange bur langs trafikkerte vegar som ikkje har gatelys eller gang/sykelsti. Mange har skuleskyss pga farleg skuleveg.

Foreldregruppa med FAU i spissen er engasjerte i å gjera det tryggare i trafikken.

Utgangspunktet for opplæringa er kompetansemål henta frå kroppsøving, samfunnsfag og naturfag, opplegg frå Trygg trafikk og Sykkelgården (5.trinn).

| Tiltak: | Innhald | Gjort | Evaluering |
|---------|--|-------|------------|
| August | <p>Trafikklæraren er med 1.trinn på skulebussen. Alle blir henta på trafikksikker side av vegen, så langt råd.</p> <p>Nært samarbeid mellom bussjåfør og lærar.</p> <p>Utdeling av refleksvest til alle elevar på 1.tr.</p> <p>Samtykke-skjema om å ta elevar med i personalet sine bilar eller ikkje skal fornyast.</p> <p>SU sender brev til firma med hyppig transport i Hognestadkrinsen, dersom uvettig køyring.</p> <p>SU sender inn forslag til trafikksikringstiltak i kommunen.</p> | | |

| | | | |
|-----------|--|--|--|
| | Trafikksikringsplanen blir lagt på heimesida til skulen. | | |
| September | Elevane trenar på å ferdast trygt i trafikken På foreldremøte; informasjon om av og påstiging, korleis me syklar og går trygt. | | |
| Oktober | Trafikkveke, alle elevane førebur seg til Gå til skulen aksjonen. Lærer trafikkreglane for fotgjengarar og for syklistar. Lærer om nytten av refleks og sykkelhjelm. Opplegg på alle klassetrinn ut frå Kunnskapsløftet Småskulen arbeidar vidare med å gå trygt i trafikken og øver/lærer skilt dei ser i nærmiljøet. Dette trener me på siste dag i trafikkveka. Mellomtrinnet lærer å sykla i trafikken, også på trafikkfarlege vegar. Dette trener me på siste dagen i trafikkveka. Politiet eller trygg trafikk snakkar om temaet. Politiet eller lærar sjekkar syklane. I samarbeid med FAU har me løyper i nærmiljøet som elevane øver seg på. | | |
| Januar | Foreldremøte for klassen som skal starta til hausten. Informasjon om skuleskyss, trygg av- og påstiging ved skulen. | | |
| Mars | Foreldremøte der me informerer kort om å ferdast trygt til og frå skulen. | | |

Skulen har prosedyrar for trygg skuleskyss og korleis me går trygt på tur i nærmiljøet.

Planen blir teken opp i SU kvar haust

Hognestad 4.9.24

Ingveig Nærland Ødegård
rektor